

# Retningslinjer for kulturskulen i Åseral



## **Om tilbodet**

Kulturskulen er ope for alle kommunen sine innbyggjarar, men born og ungdom er hovudmålgruppa. Kulturskulen har undervisning i Åseral med unntak av det som vert arrangert av Musikkverkstedet i Byremo (helgesamlingar)

Kulturskulen følgjer skuleåret, med same fridagar som skuleruta.

For alle undervisningstilbod i kulturskulen stilles det krav til elevane når det gjeld arbeidsinnsats og oppførsel. Det er forventa at eleven kjem førebudd til timane og til avtalt tid.

## **Kontingent**

Jamfør prisliste som kommunestyret vedtek for kvart år

## **Søskensmoderasjon**

Jamfør prisliste som kommunestyret vedtek for kvart år

## **Instrumentutleige**

Hovudregelen er at elevane sjølv må eige sine instrument, men skulen har noko utstyr som kan lånast i oppstart/testfase.

## **Fråvær og vikar**

Undervisningstimar som fell bort på grunn av elev sitt fråvær blir ikkje erstatta. Dersom eleven ikkje kan møte til undervisninga skal lærar ha beskjed på førehand.

## **Vikarar**

Er læraren forhindra frå å møte til ein time, vil det i den grad det er mogleg bli sett inn ein vikar. Dersom det ikkje lukkast å skaffe vikar vil eleven få beskjed om at undervisninga utgår.

Elevavgifta blir redusert førehaldsmessig når antal avlyste timer utgjer meir enn 3 timer per undervisningsår.

## **Opptak og utmelding**

Ved opptak får eleven tildelt tid for undervisning som tilpassast den einskilde lærar sin timeplan.

Både opptak og utmelding av kulturskolen skjer via eigne elektroniske skjema.

Påmelding er bindande for eitt semester. Dersom ein elev ønskjer å slutte før semesteret er fullført, må likevel full semesteravgift betalast. Unntak er sjukdom over lang tid eller flytting frå kommunen.

Nye elevar kan slutte etter dei to fyrste undervisningsvekene dersom dei finn ut at tilbodet ikkje passer.

## **Søknadskjema**

Digitalt søknadsskjema på heimesida til kommunen skal nyttast. Søknadsfrist haustsemester 1.juli, vårsemester 15. november

## **Oppseing av plass**

- Frist for utmelding vårhalvåret: 15. november.
- Frist for utmelding hausthalvåret: 1. juli.



## Venteliste

Kulturskulen har som mål å gje alle søkerar ein plass. Men dersom søker ikkje får tilbod om plass, må det søkast på nytt for neste skuleår. Dei som står på venteliste frå før prioriterast framføre nye søkerar.

Når det gjeld gruppeundervisning, er vi avhengig av at det melder seg nok antall søkerar.

